



Håkon Eik Litland med gullmedaljen.

**15 år gamle Håkon Eik Litland, med besteforeldre på Kjærland gjekk i helga heilt til topps i slegge under UM i friidrett som vart arrangert i Sandnes. Håkon er barnebarnet til Audun og Liv Eik, og han er son til dotter deira Kjellaug. Han kjem såleis frå familie som i fleire mannsaldrar har vore svært aktive i idrett.**

Ungdomsmeisterskapet er norgesmeisterskap for friidrettsungdom i alderen 15-19 år. Rekna i antal deltakarar er UM det største meisterskapet i norsk friidrett og går over tre dagar. Antal deltakarar har dei siste åra vore mellom 700 og 800. Talet på enkeltstartar er ca. 1600. I tillegg kjem leiarar, trenarar og andre tilreisande.

Håkon Eik Litland representerer Laksevåg og vann sleggegullet i 15 årsklassen med det imponerande resultatet 57.05 m. Sigersmarginen var solid. Han var over 4 m lengre enn sølvvinnar Oliver Engen frå Krødsherad.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Privat.